

Plan og byggesak Radøy Kommune

Søknad om løyve til etablering av bade- og rasteplass.

Austebygd Grendalag ynskjer å søke om løyve til etablering av ein bade- og rasteplass ved Austavatnet som ligger langs «Treveien» (Ystebøtræet), på Sletta. Vegen er kommunal. Området som er tiltenkt nytta er eit nes som frå gammalt av blei nytta til badeplass. I dag ligg dette arealet brakk på Gnr.99/2. Grendalaget sendte inn vassprøve i juni/juli 2019. Resultatet var godt innafor krava til badevatn.

Grendalaget vil bygge ei 10meter lang bru frå vegskulder og over til neset. På sjølve neset er planen å laga klopp frå bru til ein rasteplass med benk. På nordsida av neset ynskjer Grendalaget å legge ut ein badeplattform med landgang slik at ein enkelt kan komme seg ut, ned og opp av vatnet. Det er og ynskje om å få laga til ein parkeringsplass til formålet på Gnr.99/4,9. Tiltenkt område ligger ca. 70 meter Nord for badeplassen (ca.25x10 meter), og blir i dag ikkje nytta til noko.

Grunneigarane av 99/2 og 99/4,9 er orientert om prosjektet og har stilt arealet til disposisjon til formålet. Austebygd Grendalag vil utføre arbeidet på dugnad og vil disponere anvist areal. Grendalaget vil og vere ansvarleg part for framtidig vedlikehald.

Vedlagt ligg skisser, bilder, og kart. I enkelte av vedlegga er det merknader ang. skjellsand, dette kan sjåast vekk frå då det er lagt på «vent» pga. økonomi og dispensasjonssøknad.

Me håper på positiv tilbakemelding.

Mvh

Austebygd Grendalag v/ Knut Sylta

Austebygd.grendalag@gmail.com



Gunnar Mjelde (gnr.99/2)



Bjørnar Floen (gnr.99/4,9)

